



Arkivnr: 2015/7154-9

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018
Fylkestinget		11.12.2018

**Ny selskapsavtale Vigo IKS****Samandrag**

Representantskapet til Vigo IKS vedtok ny selskapsavtale på representantskapsmøtet 12. april 2018. Den nye selskapsavtalen er utarbeidd saman med KS-advokatane. Ny selskapsavtale vart lagt fram for politisk handsaming i Hordaland i opplærings- og helseutvalet i september 2018. Dessverre vart det oppdaga ein formell feil i avtalens § 11 vedkomande låneopptak, og vidare saksgang vart trekt. Avtalen er no oppdatert og vert lagt fram for politisk handsaming.

Oppsummert er det gjort endringar slik:

- Tal eigarar av selskapet er endra grunna samanslåinga av dei to trøndelagsfylka til Trøndelag fylkeskommune.
- Tal personlege varamedlemer frå kvar fylkeskommune til representantskapet er auka frå ein til to.
- Selskapsavtalen er oppdatert med kostnadsfordeling slik den vart vedteken i 2016.
- Avtalen seier at representantskapet kvart år i framlegg til budsjett foreslår kor store kostnader som skal dekke utvikling og vidareutvikling av system. Dessutan skal kvar av deltakarane årleg betale inn eit beløp etter forslag frå representantskapet og i vedtak i fylkestinget og bystyret i Oslo kommune under eigen budsjettpost, med forfall 15. januar kvart år, til dekking av selskapets «felleskostnader», under dette kva som vert rekna å gjelde drifts- og utviklingsføremål.
- Formell feil vedkomande låneopptak er retta slik at selskapet sin adgang til å ta opp lån er sett til 5 mill. kroner. Det er same sum som i selskapsavtalen frå 2016.
- I tillegg er det er gjort mindre endringar slik at selskapsavtalen samsvarar betre med lov om interkommunale selskap

**Økonomi:** Ingen effekt**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** Ingen effekt**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek framlegg til ny selskapsavtale for Vigo IKS.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.10.2018****Bakgrunn**

Vigo IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om Interkommunale selskap. Det er fylkeskommunane og Oslo kommune som eig selskapet. Representantskapet til Vigo IKS vedtok samrøystes ny selskapsavtale på representantskapsmøtet 12. april 2018. Den nye selskapsavtalen er utarbeidd saman med KS-advokatane. Ny selskapsavtale vart lagt fram for politisk handsaming i Hordaland i opplærings- og helseutvalet i september 2018. Dessverre vart det i ettertid oppdaga ein formell feil i avtalens § 11 vedkomande låneopptak. Vidare saksgang vart trekt. Avtalen er no oppdatert og vert lagt fram for politisk handsaming.

Endring av selskapsavtalen krev at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette (jfr selskapsavtalens § 15).

**Endringane i selskapsavtalen****§ 1 - Selskapet**

Tal eigarar av selskapet er endra på grunn av samanslåinga av dei to trøndelagsfylka til Trøndelag fylkeskommune. Selskapsavtalens § 1 - Selskapet, er endra i tråd med dette.

**§ 4 – Eigardel, innskotsplikt og fordeling av kostnader**

I 2016 vart ny kostnadsfordeling vedteken av eigarane av selskapet. Selskapsavtalens § 4 Eigardel, innskotsplikt og fordeling av kostnader er no endra i tråd med kostnadsfordelinga slik det vart vedteke i 2016.

I tillegg er det gjort endringar som seier at representantskapet kvart år i framlegg til budsjett foreslår kor store kostnader som skal dekke utvikling og vidareutvikling av system. Dessutan skal kvar av deltakarane årleg betale inn eit beløp etter forslag fra representantskapet og i vedtak i fylkestinget og bystyret i Oslo kommune, under eigen budsjettpost med forfall 15. januar kvart år, til dekking av selskapets «felleskostnader», under dette kva som vert rekna å gjelde drifts- og utviklingsføremål.

**§ 5 – Representantskapet**

Kvar deltakar/eigar har ein representant i representantskapet med ein personleg varamedlem. I framlegg til ny selskapsavtale er det endra til to personlege varamedlemar.

**§11 Låneopptak og å stille garanti**

I førre utgåve av ny selskapsavtale var det ein formell feil vedkomande låneopptak. Feilen er retta opp slik at den tilgangen selskapet har til å ta opp lån, er sett til 5 mill. kroner. Det er same sum som i selskapsavtalens frå 2016.

Utover dei ovannemnde endringane er det gjort nokre mindre justeringar slik at selskapsavtalen samsvarar betre med lov om interkommunale selskap.